

Årsmelding

for Aurland fjellstyre
2022



Aurland fjellstyre
Januar 2023

FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 31.1.23

Sigurd Vikesland
fjellstyreleiar

May- Britt Martinsen

Erling Nesbø

Leif Turlid

Tor Olav Kvam

Harald Skjerdal
(dagleg leiar)

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2022	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	4
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	7
5.	REIN OG REINSJAKT	"	9
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	10
7.	SMÅVILTJAKT/ROVVILT	"	11
8.	FISKE	"	12
9.	ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN	"	13
10.	ØKONOMI	"	13

Framsdebilete:

- Frå kurset i småviltjakt for damer, Stemmerdalen oktober 2022

Vedlegg:

- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2022
- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2022

1. FJELLSTYREMØTE OG -SAKER I 2022

Fjellstyremøte 8. februar

Sak 1/22. Referat og meldingar

Sak 2/22. Fjellstyrerekneskapen for 2021

Sak 3/22. Fjellstyret si årsmelding for 2021

Sak 4/22. Framlegg til medlem i styret for Aurland Setjefisk SA

Sak 5/22. Opplegg for utleige av fjellstyrtehytta i Brubotn

Sak 6/22. Møteplan 1. halvår 2022

Fjellstyremøte 17. mars

Sak 7/22. Referat og meldingar

Sak 8/22. Søknad frå skyttarlaga Blåfjell og Undredal om jakthelg i Nordheimsdalen, tildelt etter trekning mellom deltakarar i jaktkarusell

Sak 9/22. Utlysing av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

Sak 10/22. Saker til årsmøtet i villreinutvalet for Nordfjella

Sak 11/22. Høyingsak: Plassering av hytte for innlosjering av personale ved Steinbergdalshytta

Fjellstyremøte 26. april

Sak 12/22. Referat og meldingar

Sak 13/22. Høyring: Revidering av kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag i Aurland kommune

Sak 14/22. Søknad frå Steinbergdalshytta om å få selja småviltkort for statsallmenningen jakta 2022

Sak 15/22. Styregodtgjersle for fjellsstyremedlemene

Sak 16/22. Vurdering av skatteplikt for fjellstyre

Sak 17/22. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

Fjellstyremøte 7. juni

Sak 18/22. Referat og meldingar

Sak 19/22. Opplegg for reinsjakta 2022 – samjaktavtalar, ordninga med dagskort

Sak 20/22. Trekking av fellingsløyva for villrein

Sak 21/22. Småviltjakta 2022 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Sak 22/22. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen i 2022

Sak 23/22. Rekruttering av nye garnfiskarar

Sak 24/22. Søknad frå to utanbygds fiskelag om dispensasjon frå fiskereglane for stats-Allmenningen

Sak 25/22. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til samlagsstemne i baneskyting

Saker handsama per e-post i juli-august:

Sak 26/22. Tilbod om å overta arbeidsgjevaransvaret for CWD-koordinator

Sak 27/22. Småviltjakta 2022 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Fjellstyremøte 8. november

Sak 28/22. Reinsjakta 2022 – oppsummering

Sak 29/22. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2023

Sak 30/22. Overføring av jaktbu i Norddalsbakkane til fjellstyret

Sak 31/22. Kåring av beste video av born og unge som fiskar

Sak 32/22. Referat og meldingar

Fjellstyremøte 7. desember

Sak 33/22. Referat og meldingar

Sak 34/22. Fjellstyrebudsjettet for 2023

Andre møte

Jegermøte før reinsjakta vart halde i midten av august, i samarbeid med grunneigarlaget for villreinvald, Nordfjella villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella. Møtet vart i år kombinert med informasjonsmøte om planane for reetablering av rein i sone 1.

Fjellstyret har dette året vore representert i, eller medlem av, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreinutvalet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (Sigurd Vikesland)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Sigurd Vikesland)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjorteutvalet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

Det må nemnast at Aurland fjellstyre under Norges fjellstyresamband sitt landsmøte på Stjørdal i august -22 vart tildelt prisen som «Fjellstyret Jo», eller årets fjellstyre 2022. Dette var ei fjør i hatten, og gav mykje positiv omtale.

1. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Desse har i 2022 vore fast tilsette i fjellstyret:

- Håkon Øydvin, 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi, 100 % stilling (fjelloppsyn, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)
- Aron Freyr Gudmundsson 80 % stilling (fjelloppsyn, gjetar).

Arbeidstida til fjelloppsynet fordelte seg slik i 2022:

1846 timar refusjonsgjevande arbeid for fjellstyret utgjer 39 % av arbeidstida. I tillegg kjem **15** timar ikkje-tilskotsgevande arbeid (kortsal, fakturering o.a.) for fjellstyret.


2804 timar arbeid for andre oppdragsgjevarar utgjer 61 % av arbeidstida.

Dette gjev **4665** timar totalt (5575 i 2021).

Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar fordelte seg slik i 2022 (2021-tala i parentes):

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåver	Timar
Aurland Setjefisk SA	Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing	651(631)
Villreinutvalet for Nordfjella	Sekretærarbeid, teljingar, Jaktoppsyn/oppsynsleiar	512 (406)
Statens Naturoppsyn og verneområdeforvaltinga	Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag	288 (573)
Aurland/Lærdal Kommune	Viltforvalting, GIS-prosjekt og Regionalt CWD-arbeid	1045 (1286)
NINA	CWD/saltsteinprosjekt/viltkamera villrein+hjortegviltregisteret	96 (153)
Elveeigarlag, Aurland hjorteutval, Raudafjell villreinutval	Oppsyn, sekretærarbeid m.m.	99 (105)
Andre (Mattilsynet, norsk Villreinsenter sør)	Prøvetaking, skuleopplegg	113 (98)
	Totalt:	2805 (3193)

Figuren nedanfor syner fordelinga av fjelloppsynet si arbeidstid i 2022.



Oppsynskontrollar og -reaksjonar 2022:

Tal kontrollerte		Saker oppgjort på staden		Rapporterte saker	
Småviltjakt	2	Småviltjakt		Småviltjakt	
Storviltjakt	17	Storviltjakt	3	Storviltjakt	1
Fiske	22	Fiske	2	Fiske	
Motorferdsel	2	Motorferdsel		Motorferdsel	
Vernereglar	1	Vernereglar		Vernereglar	
Anna (bandtvang)	-	Anna (bandtvang)		Anna	
Sum:	44	Sum	5	Sum	1

2. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samsvar med partnerskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar tidleg i haust. Fjellstyret dekte busstransporten for klassane som var med. Det vart søkt om å få dekt m.a. kostnaden med transporten gjennom tilskot frå Miljødirektoratet, via Norges fjellstyresamband. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garna og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Etter mange år med dette opplegget, som starta som eit tynningsfiske i ein tett fiskebestand, er no kvaliteten og storleiken på fisken i vatnet over terskelen i Stemmerdalen kjempefin.

7. klasse ved ABU var med fjelloppsynet på prøvefiske i Katlamagasinet. Opplegget omfattar veging og måling av all fisk, og utrekning av K-faktor og skriving av rapport etter avslutta prøvefiske.

Klassen har lagt ut ein fin rapport om fiskedagen på skulen si heimeside:

[Aurland barne- og ungdomsskule : Fisketur i Håbergsholene](#)

Desse klassane var med:

29. august: 1-2. klasse ABU. 5 vaksne og 25 ungar. 7 fisk på 2 garn

30. august: 3-4 klasse ABU. 3 vaksne og 19 ungar. 6 fisk på 3 garn

30. august: 7. klasse ABU prøvefiska i Katlamagasinet. 3 vaksne og 7 ungar. Fekk 29 fisk på 8 prøvegarn.

5. september: 1-4 klasse Flåm skule. 3 vaksne og 7 ungar. Fekk 1 fisk på 3 garn.

Til saman 58 elevar og 14 vaksne var med på desse turane.

Fjellstyret hadde og fått tilsegn om tilskot til å arrangera fiskedag for personar med innvandrarakgrunn, på same måten som året før. Vanskar med å få oppretta kontakt og samarbeid med innvandrartenesta i kommunen gjorde at dette tiltaket ikkje vart gjennomført.

Første helga i oktober stilte fjellstyret med ein frå fjelloppsynet som kjentmann for ein gjeng med damer i Stemmerdalsfjella, i samband med kvinnegruppa i Sogn og Fjordane sitt kurs i småviltjakt, med utgangspunkt i Steinbergdalshytta. Fjellstyret sette av ein kvote med jaktkort som kunne nyttast av dei som var med på kurset. Det var 13 deltakarar.

3. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret disponerer 5 opne hytter som turgåarar, jegerar og fiskarar kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

Opne hytter:

- Storebotnhytta (bygd av fjellstyret i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd av fjellstyret i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd av fjellstyret i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar.

Andre hytter:

- Gjetarhytta i Brubotn: Bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert brukt som base for sesongoppsyn/gjetar. Denne hytta er oppgradert noko siste året, med sikte på utleige gjennom Inatur deler av året, t.d. om våren (1. 4.-15.6.), før beitesesongen for sau, og seinhaustes.
- Utleigehytte i Håbergsholene: Opphaveleg bygd av Oslo Lysverker, overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006. Hytta, som har 10 sengeplassar, innlagt vatn og straum, vert utleigd gjennom iNatur.
- Jaktbua hans Per Veum på Langafonni vart for nokre år sidan overteken av fjellstyret, og står open for brukarar av allmenningen.
- Ei hytte i Norddalsbakkane (tidlegare eigar Paul Tokvam) vart no i haust overteken av fjellstyret, og vil vera tilgjengeleg for brukarar av allmenningen.

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles (kr 100 per overnatting). Allmenningsstyret er eigar av desse to hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmenningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen.

Bruken av dei opne fjellstyrehyttene var om lag som året før, rekna ut frå summen av innbetalingar som har kome inn. Når det gjeld utleigehytta i Håbergsholene, var det stor rift om å leiga denne gjennom sesongen, som startar 15. juli. Utleiga av hytta i Brubotn den perioden den var opna for utleige var laber. Her må det nok betre marknadsføring til for å auka leigeinntektene.

Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2022

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:

Storebotnhytta: Ingen større tiltak.

Mellomvasshytta: Ingen større tiltak.

Hellenuthytta: Ingen større tiltak.

Melahytta: Ingen større tiltak.

Berdalsbu: Ingen større tiltak.

Langafonni: Ingen større tiltak.

Gjetarhytta i Brubotn: sett inn ny 16-ampere kurs for komfyr.

Håbergsholene: Ingen større tiltak.

Nordheimsdalen: Ny hengebru vart bygd, til erstatning for den brua som vart teken av flaumen for eit par år sidan. Ny rage for båtfortøying er lagt ut. Lagt nytt golv på utedoen i Brendeli.

Naust og båtar

Fjellstyret har 12 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtane er utstyrde med årar og redningsvestar. Båten ved Svartavatnet er den som det er mest rift om i den beste fiskesesongen. På finversdagar kan det vera fleire fiskelag som brukar denne. Då er det viktig at båten vert lagd på den faste plassen etter bruk, slik at neste brukar finn han.

Båtane ligg ved følgjande vatn:

- Nedsta Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremsta Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhøyrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongshelleren
- Svartavatnet
- Mell. Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet
- Nedre Berdalsvatnet
- Nosavatnet (samarbeid med grunneigarane i den privateigde delen av vatnet)
- Vestredalsmagasinet

Båten ved Melahytta hadde fått ei større sprekk, som vart oppdaga då båten skulle takast i bruk av fiskarar sist sommar. Trass provisorisk vøling, som gjorde at båten kunne nyttast under garnsetjing, bør denne takast heim og kasserast no i vinter, og erstattast med ein annan. Det er vinterlagringa, ofte med store snømengder kombinert med for dårleg understøtting av båtane, som gjer at dei er utsette for skade.

4. REIN OG REINSJAKT

Det vart tildelt 99 fellingsløyve til Nordfjella villreinområde i 2022, halvparten av desse var bukkeløyve. Fjellstyret hadde 16 fellingsløyve å trekkja mellom søkjarane. Det var 131 innanbygds søkjarar, ein liten oppgang frå året før. Eit fellingsløyve for kalv vart gjeve til jaktkarusellen, medan eit løyve for fritt dyr vart utlyst som «dagskort,» med tanke på at det skulle kunna overførast til ny jeger viss det ikkje vart felt dyr på kortet første jakthelga. Det vart felt ein bukk på kortet første jaktdagen, så slik overføring vart ikkje aktuelt. Det vart felt dyr på alle løyva som fjellstyret tildelte i sone 2 denne jakta. Å få 100 % felling på allmenningskorta har truleg ikkje skjedd noko år tidlegare.

Den vesle statsallmenningen Broksfjellet, som ligg innanfor Hardangervidda villreinområde, fekk tildelt 8 fellingsløyve, men fjellstyret vedtok å berre dela ut halvparten av korta, av bestandsomsyn. 50 innanbygds jegerar søkte på desse. Heller ikkje denne jakta vart det felt rein i dette området.

Jakta

På same måten som tidlegare år, vart det inngått samjaktavtale mellom Aurland, Hol og Ulvik. Innslagsdato for samjakta vart fastsett til måndag 29. august. Avtalen gjev høve for alle jegerar til å jakta i alle jaktfelt som er tilslutta avtalen – i praksis alle område med rein. Denne avtalen gav god effekt for den samla fellinga i Nordfjella, på den måten at 18 av dei 27 dyra som vart registrert felt på Holskort er felt i ein nabokommune (16 av dei i Aurland).

Før jakta gjekk det ein bukkeflokk i Tarvenområdet, men få dyr vart skotne her under jakta. Utover i jakta stod fleire fostringsflokkar for det meste i Aurland, med nokre turar over på Ulvik og Hol. Det vart observert lite rein sør for Bergensbana.

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2022:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
Vaksen bukk	7	9	25
Bukk 1 ½ år	1	2	23
Bukkekalv	2	6	11
Vaksen simle	3	8	18
Simle 1 ½ år	1	1	2
Simlekalv	2	4	5
Felt i alt	16	30	64
Tildelt kvote	16	34	99
Fellingsprosent	100 %	88,2 %	64,6 %

6. ELG- OG HJORTEJAKT

Det kjem framleis føringar frå Miljødirektoratet om at uttaket av hjort og elg i kommunane kring Nordfjella villreinområde bør aukast; bestanden skal ned på kring det halve av 2016-nivået. Dette vert følgt opp lokalt, m.a. gjennom store fellingskvotar, lang jakttid og fri felling av kalv. Tilbod om utflyging av felte dyr har i fleire år vore ein del av dette biletet. Dette tilbodet er fleire år nytta av jaktlaget som jaktar i dei øvre delane av Aurland nordre Statsallmenning.

I Aurland nordre statsallmenning (Nordheimsdalen) har fjellstyret delt opp hjortevaldet i to jaktfelt – eit øvre og eit nedre. Det øvre feltet, over 600 m.o.h. er vert utleigd gjennom Aurland jakt- og fiskelag for ein 4-årsperiode (2020-23). Det nedre feltet vert utlyst for 2 og 2 år, primært til utanbygds jaktlag. Jaktfeltet vart tildelt eit nytt jaktlag for perioden 2022-23, etter utlysing og trekking mellom søkjarane (4 jaktlag søkte). Jaktperioden leigetakarane har avtale om er fram til utgangen av oktober. Frå 1. november og ut jakta (for tida ut januar), sel fjellstyret dagskort for jakt på hjort (og elg, dersom det er att løyve etter leigeperioden til AJF).

12 jaktlag søkte på ordninga med dagskort. Etter trekning og tildeling av jaktdagar, var det 6 av desse som nytta seg av tilbodet, til saman 18 jegerar.

Fjellstyret tillet jakt på kalv og ungdyr i allmenningen ut januar månad, i tråd med den jakttida som er fastsett for kommunen. Det er ingen som har vist interesse for å jakta i området etter jul. Fellingsresultatet for hjort hausten 2022 vart 9 dyr. I tillegg vart det skote ein elg (1 ½ års okse).

Felling av hjort, Nordheimsdalen 2022

	Aurland Jakt og fiskelag (øvre felt)	Utanbygds jaktlag (nedre felt)	Felt på dagskort	Felt på kort selde til andre felt	Til saman
Bukkekalv	-	-	-	-	-
Kollekalv	-	-	-	-	-
Spissbukk	2	-	-	-	2
Ungkoll	-	-	-	-	-
Kolle	1	-	1	-	2
Bukk	3	-	2	-	5
Til saman	6	0	3	0	9

7. SMÅVILTJAKT/ROVVILT

Fjelloppsynet sine rypeobservasjonar gjennom sommaren synte at det nesten ikkje var kull å sjå - dei rypene me såg var stort sett vaksen fugl. Fjellstyret gjorde eit vedtak i august om å setja ned dagskvoten per jeger frå 2 til 1 fugl. Fjellstyret valde derimot å halda på jaktstart 25. september, som året før. Ein heldt på ordninga med å leggja eit avgrensa tal jaktkort (75 stk) ut for sal på Inatur, med start i kortsalet 1. september, i tillegg til 10 dagskort i oktober. Det var som vanleg stor interesse for å få tak i jaktkort - dei fleste korta var selde den første dagen det var opna for sal. I tillegg vart nokre kort (25 stk) lagde ut for sal til gjester på Steinbergdalshytta, etter søknad frå eigaren av hytta. Jaktkort for innanbygdsbuande jegerar er å få kjøpt på fjellstyrekontoret, utan avgrensing i tal. Eit fåtal innanbygdsbuande kjøper jaktkort for småviltjakt. Fellingsstatistikken nedanfor stadfestar det som oppsynet sine registreringar før jakta tydde på; ein nedgang i småviltbestanden i høve til året før.

Fordelinga av selde jaktkort for småvilt i 2022 og dei åtte føregåande åra:

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
1 dag	37	24	26	25	29	27	20	18	77
2 dagar	44	36	28	25	27	25	20	13	49
3 dagar	27	19	20	20	20	20	20	24	37
1 veke	10	10	10	10	10	10	10	2	7
Sesong	15	13	12	13	14	13	12	9	13
Sum:	133	102	96	93	100	95	82	66	183

Innkomne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2022 og dei 8 føregåande åra:

År:	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Tal rapportar	78	66	82	82	76	76	74	35	81
% levert rapport	59,1	51,5	69,5	88,2	76,0	80,0	84,0	53,0	39,3
Tal jaktdagar	85	150	199	189	200	198	180	98	166
Felte ryper/dag	0,47	0,55	0,26	0,40	0,59	0,47	0,34	0,26	0,5
Felt vilt:									
Fjellrype	32	70	40	53	84	79	52	25	83
Lirype	8	12	11	25	34	14	9	-	3
Hare	4	1	1	1	1	-	3	2	4
Mår	-	-	2	-	-	-	1	-	-
Raudrev	1	1	1	3	10	2	-	1	-
Røyskatt	1	1	3	1	6	2	3	1	1
Ramn	-	2	1	-	2	1	3	1	-
Kråke	-	1	4	-	3	1	3	1	-

I tillegg vart det selt 12 jaktkort på Inatur for området Myrdalen/Broksfjellet, som er eit jaktfeltsamarbeid mellom fjellstyret og Myrdalen sameige. For dette området er det ikkje sett noko avgrensing i tal kort som vert selde gjennom Inatur, slik tilfellet er for statsallmenningen elles.

Freda rovvilt og smårovvilt

Det var ingen meldingar om skade på husdyr grunna freda rovvilt i Aurland kommune i 2022, i følgje opplysningar frå Statens naturoppsyn.

Trass i at det var lite småvilt å sjå, såg oppsynet ein god del rovfugl i fjellet; fjellvåk, tårnfalk og kongeørn. Truleg hadde fleire rovfuglartar vellukka hekking.

Fjellstyret tilbyr eit sesongkort for jakt på smårovvilt (rev, mår, ramn, kråke m.fl.), og sel årleg 3-5 slike kort til utanbygds jegerar. Det var lite felling på desse korta i 2022.

8. FISKE

Det gjekk ei tid utover sommaren før isen vart vekke på fjellvatna. Det gjorde at sesongen 2022 vart kortare enn året før, og at samla fiskeinnsats og -fangst vart noko lågare. På garn vart det fiska 1170 kg (2808 fisk), fordelt på 22 vatn i allmenningen. 66 fiskarar har meldt inn fangst. Nyhellermagasinet ligg øvst på fangststatistikken, med 659 kg fordelt på 1455 garnfanga fiskar. Andre vatn med bra garnfiske, var Svartavatnet med 106 kg og Adamsvatn/Langavatn med 62 kg på garn. Nytt på lista er Langavatnet ved Langafonni, med 55 kg garnfanga fisk. Dette vatnet ligg 1582 m.o.h. Dei største fiskane denne sesongen vart tekne på stong. Største fisken var 1,4 kg og fiska i Nyhellermagasinet. Til saman 211 kg (593 fiskar) er innmeldt av sportsfiskarar. Desse har ikkje pålegg om å melda inn fangst – berre ei sterk oppmoding frå fjellstyret om å melda inn. Stongfisket fordelte seg på 37 vatn i Aurland statsallmenning.

For å betra rekrutteringa til garnfisket mellom ungdom i Aurland, innførte fjellstyret før sesongen ei ordning med gratis sesongkort for garnfiske for ungdom, fram til og med det året dei fyller 20 år. 6 ungdomar nytta seg av ordninga. Eit anna tiltak for ungdom som vart prøvt, var å lysa ut ein premie på 5000 kroner for beste video av born og ungdom i aktivitet med garnfiske. Eitt innkomme bidrag, frå Sigurd Skjærlund Øi, vart premiært og lagt ut på heimesida til fjellstyret.

Tal frå fangststatistikken for 2022:

<i>Selde garnkort:</i>	87	
<i>Innlevert fangstrapport:</i>	86 (99 %)	
<i>Tal garnnetter:</i>	1557	
<i>Tal fisk:</i>	3440	(av dette 593 på stong/oter)
<i>Kg. fisk</i>	1400 kg	(" " 211 kg på stong/oter)
<i>Største fisk:</i>	1,4 kg	(I Nyhellermagasinet)
<i>Fiskeinnsats pr. fiskar</i>	23 garnnetter	
<i>Sesongfangst pr. fiskar</i>	17,7 kg	(gjennomsnitt for dei som har fiska med garn)
<i>Fangst pr. garnnatt:</i>	0,76 kg	(1,8 fisk)
<i>Gjennomsnittstorleik:</i>	0,41 kg	

Prøvefiske

Fjelloppsynet hadde, saman med 7 kl. på ABU, prøvefiske i Katlavatnet sist haust. 29 fiskar hadde gjennomsnittleg k-faktor på 1,0. Dette er heilt grei kvalitet, og fisken hadde raud kjøtfarge. Største fisk var 30 cm og 308 gram. Prøvefisket syner at det trengst eit hardare fiske for å auka gjennomsnittstorleiken på fisken i dette regulerte vatnet.

Fiskeutsetjing

Fjellstyret sette ut **6250** sommargamle setjefisk i vatn i statsallmenningen sommaren 2022, alt kjøpt frå anlegget til Aurland Setjefisk SA. Utsetjinga vart dels gjort på dugnad, dels ved at fjelloppsynet tok nokre av utsetjingane. I tillegg til fjellstyret si utsetjing i uregulerte vatn, har Hafslund Eco ansvar for fiskeutsetjing i dei regulerte vatna, i samsvar med utsetjingspålegg.

9. ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN

Rehabilitering av kraftverksdammar

Det føregjekk ikkje utbetningsarbeid på damanlegg innanfor statsallmenningen dette året, Det var difor ikkje noko problem med stengde anleggsvegar til fiskevatn eller hytter denne sesongen.

Kraftliner

Statnett har fått konsesjon for bygging av ny 400 kV kraftline mellom Vassbygdi og Sogndal, og starta opp arbeidet med utbetring av nokre eldre anleggsvegar sommaren 2022. Sjølvje linjearbeidet er planlagt oppstarta i 2023.

10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapen for 2022 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr **3.092.001** og samla kostnader kr **3.299.041** Dette gav eit årsunderskot på kr **207.040**. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen

Garnfiske 2022

	Tal garn	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Adamsvatn/ Langavatn	76	229	62	0,5
Dyranosv. Øvsta	18	21	8,2	0,55
Grønebotnvatnet	8	14	4,67	0,5
Holmavatnet	32	89	38,1	0,85
Katlavatnet prøvefiske	8	29	6,6	0,31
Katlavatnet	11	32	8	0,3
Kjeldhusnosvatnet fremsta	8	28	15,1	0,8
Langavatn/ Langafonni	25	94	55,2	0,95
Langavatn 1393	3	3	1,6	0,7
Liavatnet stora	8	56	44,7	1,2
Melavatn fremste	24	71	19	0,82
Mellomvatn mellomste	47	88	33,1	0,65
Nyhellermagasinet	960	1455	659,4	1,1
Stemmerdalen o/ terskel	6	13	4,8	0,55
Svartavatn	108	272	105,8	0,81
Tissedalsvatnet	13	18	9,53	0,83
Tissedalsvatn navnlaust	4	6	2,3	0,48
Vargebotnvatnet	4	1	0,35	0,35
Vargevatn store	79	155	55,5	0,7
Vargevatn småvatn mot				
Svartavatn	5	6	2,5	0,65
Vestredalsvatnet	70	111	40	0,5
Vetlebotnvatnet	40	56	12,5	0,6
Til saman	1557	2847	1188,95	

Oppsummering:

Fangstrapporatar:	67
Ikkje fiska:	19
Ikkje sendt melding:	2
Utskrevne kort:	87
% sendt fangstrapporatar:	99 %
Garnkort til ungdom under 20 år	6 stk
Skrive ut garnkort til utanbygds	12 stk

Gjennomsnittleg innsats (av 66 som har fiska) 23,2 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 42,5 fisk, eller 17,7 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 1,8 fisk eller 0,76 kg fisk

Gjennomsnittstorleik 0,41 kg.

Garnfisket har vore fordelt på 22 vatn i statsallmenningen

Sportsfiske 2022

	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Adamsvatnet/ Langavatnet	248	66,2	0,5
Alvsvatn	7	2,4	0,45
Breibakkane nedtsa	3	0,8	0,3
Grovjuv nedre	4	1	0,28
Grånosvatnet			
Hellenutvatnet	16	6,4	0,5
Håskardtjødn	2	0,8	0,4
Håberg vatn under nordre	4	1,1	0,35
Håberg vatn under søndre	24	6	0,3
Katlanosvotni	26	6,5	0,4
Kjeldhusnosv. Fremsta	10	4,8	0,6
Kjeldhusnosv. Heimsta	15	8,5	0,8
Kreklevatn	1	0,41	0,41
Kreklevatn småvatn	13	5,9	0,8
Langavatn/ Kongshelleren	3	1,6	0,6
Langavatn 1391	2	0,7	0,4
Ljosegrunnsvatn vetla	1	0,6	0,6
Mellomvatn nedre	10	5	0,7
Melavatnet heimsta	2	0,83	0,32
Melavatnet fremsta	1	0,4	0,4
Melavatn elva	5	2	0,5
Navnlausvatn + elva	14	10,2	1,3
Nyhellermagasinet	84	37,6	1,4
Nordalsvatnet	1	0,38	0,38
Paulvatn nedre	1	0,37	0,37
Rynjulsvatn	6	2,5	0,5
Rustatjørni	4	1,2	0,35
Sleipåvatn mellomste	4	1,4	0,54
Sleipåfjellet småvatn 1512	11	4,6	0,52
Storshovden småvatn	11	5,8	1
Stemmerdalshalli	2	0,65	0,38
Stemmerdalen over terskel	13	3,6	0,34
Svartavatnet	29	12,9	0,45
Svartavatn Storebotn	1	0,43	0,43
Vargevatnet stora	4	2,5	0,7
Vargevatn vetle	8	3	0,43
Vargevatn 1519	3	1,8	0,8
Til saman	593	210,87	

Aurland 16. januar 2023

Håkon Øydvin

FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2022

Vatn	m.o.h.	Areal hektar	Sist utsett	Framlegg	Utsetjar
Tissedalsvatnet	1408	45	2019	400	Merete Rein
Grønebergvotni	1434	10	2019	200	Håkon Øydvin
Heimste Kjeldhusnosvatnet	1472	52	2020	400	Kjetil Iien Nilsen
Fremste Kjeldhusnosvatnet	1450	33	2019	300	Steinar Tønnesen
Veiverdalsvatnet, store	1365	16	2017	200	Håkon Øydvin
Veiverdalvatnet, øvre	1372	4	2017	100	Håkon Øydvin
Heimste Ljosegrunnsvatnet	1456	25	2019	300	Odd Lirhus
Fremste Ljosegrunnsvatnet + elvi	1451	10	2017	150	Odd Lirhus
Ljosegrunnsstrupen	1460	15	2019	150	Merete Rein
Øvste Sleipåvatnet	1507	20	2019	200	Sigurd Tore Øyum
Mell. Sleipåvatnet	1460	20	2019	200	Sigurd Tore Øyum
Småvatn Sleipåfjellet	1513-34	20	2018	300	Håkon Øydvin
Holmavatnet	1525	91	2020	800	Rune Bekkedal
Store Liavatnet	1498	280	2019	800	Arne Inge Øyum
Vatn ved Bolhovdskarvet	1546	10	2018	200	Knut Fredrik Øi
Sum Austfjelli				4600	
Langavatnet Holene	1346	12	2018	150	Aron Freyr Gudmundson
Øvre Katlanosvotni	1429	8	2018	150	Aron Freyr Gudmundson
Mell. Mellomvatnet	1453	45	2019	400	Sandra Johansen
Mellomvotni mot Håskard	1471	34	2019	300	Arne Inge Øyum
Øvre Grovgjuvatnet	1433	12	2018	200	Inge Kvam
Småvatn Storshovden, 3 stk	1450-70	15	2018	200	Bjørn Ebne
Paulvotni Broksfjell				200	Kjell Ove Haugen
Stemmerdalen o/ terskel				50	Knut Fredrik Øi
Sum Vestfjelli				1650	
Totalt				6.250 stk	